

**REFERAT - KOMMUNEREFORM****Møte på Volda rådhus**

08.02.2018 kl. 09:00

**Til stades:**

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann

Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Joakim Rødven (referent)

**Agenda:**

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<b>1. Gjennomgang av utkast til administrativ hovudstruktur</b>	
<p>Prosjektleder innleia møtet med å gjennom sitte førebelse forslag til ny administrativ organisering, som vil bli presentert i stormøtet i Honndalshallen 14. februar. Prosjektlederen foreslår tre sektorar:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Helse og velferd</li><li>2. Opplæring og oppvekst</li><li>3. Samfunnsutvikling.</li></ol> <p>I tillegg vil det vere to med ytterlegare to separate avdelingar (økonomi og personal) – i tillegg til assisterande rådmann. Under ass. rådmann vil det også vere ei avdeling for kultur.</p> <p>Den fulle oversikta ligg som vedlegg i slutten av dette referatet.</p>	RS

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<b>2. Saker til fellesnemnda 22. februar</b>	
<p>Ekskludert orienteringssaker, vil følgjande saker vil bli tekne opp på neste Fellesnemnd-møte den 22. februar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Uttale til grensejustering ved Bjørke</li><li>• Interkommunalt samarbeid</li><li>• Framdriftsplan frå Heraldikknemnda</li></ul>	AM RS Heraldikknemnd

<b>Aktivitet</b> <b>3. Deltaking i digital kompetanseutvikling</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Hornindal/Volda fekk innvilga søknaden sin om å ta del i prosjektet «om digital kompetanse i kommunane». Styringsgruppa diskuterte der kven som kan vere aktuelle å sende som deltaktarar. Prosjektet gir høve til inntil sju personar.</p> <p>Styringsgruppa føreslo Paul Ottar Tornes, Svein Berg Rusten, Stig Olav Lødemel, Inger-Johanne Johnsen + ein tillitsvalt frå Hornindal (om nokon har ønskje om å delta på dette prosjektet).</p> <p>Oppstartskonferansen vil finne stad på Gardermoen 5. mars.</p>	

<b>Aktivitet</b> <b>4. Møte med Statens Kartverk</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Statens Kartverk kjem til å ha eit møte med Hornindal/Volda den 6. mars. Før den tid ønskjer kartverket å ha eit formøte. Prosjektleiaren orienterte om at Jørgen Vestgarden i Volda kommune vil koordinere eit slikt møte når det skulle høve seg. Prosjektleiaren la også vekt på at relevante fagfolk i både Volda og Hornindal bør vere på dette formøtet.</p>	<p>JV</p>

<b>Aktivitet</b> <b>5. Vurdere behov for ekstern konsulentteneste i forkant av prosess med harmonisering, utvikling og organisering av tenestene i helse og omsorg for nye Volda.</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleiaren presiserte at han ser på det som ein stor og tung prosess å skildre dagens situasjon inn mot ny, felles kommune. Volda og Hornindal er litt ulike på dette feltet i dag.</p> <p>Derfor vurderer prosjektleiaren det slik at konsulenthjelp for å få litt synspunkt utanfrå kan vere føremålsteneleg. Prosjektleiar meiner det kan vere nyttig for sektoren å få synspunkt utanfrå korleis tenestetilbodet er (med tanke på standarden, nivået på tenestene og behov i framtida).</p> <p>Helse/Pleie- og omsorgsleiarane i dei to kommunane får i oppdrag med å utarbeide eit mandat på ei slik bestilling av konsulenthjelp. Første utkast bes å vere klar innan 26. februar.</p>	<p>SBR/RAaK</p>



## VEDLEGG 1: Administrativ organisering

